



# Fedje kommune

## Møtebok for Formannskapet

**Møtedato:** 18.10.2022  
**Møtestad:** Slissøyana/Skarvøyana Fedje fleirbrukshall  
**Møtetid:** 17:15 - 18:15

<b>Møtedeltakarar</b>	<b>Parti</b>
Stian Herøy	H
Hans Erik Waage	Ap
Kamilla Bjerkholt Karlsen	Ap
Marit Solbakk Øien	Frp

  

<b>Møtedeltakarar vara</b>	<b>Parti</b>
Silje Sulen Gullaksen	H

  

<b>Forfall meldt frå følgjande medlemmar:</b>	<b>Parti</b>
Bjørn Solbakk	Frp

---

Følgjande møtte frå administrasjonen:

Berit Karin Rystad, Bjarte Villanger, Kristin Handeland

---

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
076/22	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste
077/22	Godkjenning av møtebok
078/22	Referatsaker
079/22	Utbetring og ombygging av Hjartebanken og Helsestasjonen
080/22	Fedje sokn ber om ekstraløyving for utgifter til revisjon for 2016-2020
081/22	Søknad om tilskot til tv-aksjonen 2022
082/22	Tertial rapport og budsjettregulering 2. tertial 2022
083/22	Eventuelt

## Sakspapir

<b>Sakshandsamar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Kristin Handeland	FE-033	22/414

<b>Saksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
076/22	Formannskapet	PS	18.10.2022

Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

### Saksutgreiing:

#### Forslag til vedtak:

Møteinnkalling og sakliste vert godkjent.

Formannskapet - 076/22

#### F - behandling:

#### F - vedtak:

Møteinnkalling og sakliste vert godkjent.

Samrøystes vedteke.

## Sakspapir

<b>Sakshandsamar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Kristin Handeland	FE-033	22/414

<b>Saksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
077/22	Formannskapet	PS	18.10.2022

Godkjenning av møtebok

Vedlegg:  
Protokoll - Formannskapsmøte

**Saksutgreiing:**

**Forslag til vedtak:**

Møtebok frå sist møte vert godkjent.

Formannskapet - 077/22

**F - behandling:**

**F - vedtak:**

Møtebok frå sist møte vert godkjent.

Samrøystes vedteke.

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Kristin Handeland	FE-033	22/414

Saksnr	Utval	Type	Dato
078/22	Formannskapet	PS	18.10.2022

Referatsaker

### Underliggende saker:

078/22.1. Høring av regional plan kultur, idrett og frivillighet 2023-2035 Vestland

078/22.2. 22/4619 NOU 2022:9 En åpen og opplyst offentlig samtale - høring

078/22.3. Melding frå Statsforvaltaren

### Saksutgreiing:

#### Forslag til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

Formannskapet - 078/22

#### F - behandling:

#### F - vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

Samrøystes.

## Sakspapir

<b>Sakshandsamar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Berit Karin Rystad		22/378

<b>Saksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
079/22	Formannskapet	PS	18.10.2022
	Kommunestyret	PS	

Utbetring og ombygging av Hjardebanken og Helsestasjonen

Vedlegg:

Kalkyle ombygging av Hjardebanken mteikning

Kalkyle helsestasjonen m teikning

### Saksutgreiing:

#### Saksopplysningar

Det har over fleire år vært problem med det fysiske arbeidsmiljøet i kommunehuset.

Kommunedirektør Olav Mogstad starta difor eit arbeid for å utgreie moglegheitene for å bygge om Hjardebanken slik at alle tilsette i sentraladministrasjonen i Fedje kommune får plass der. Planane blei orientert om i siste kommunestyremøte før sommaren. Ingeniør Aarland har laga teikningar og kalkyle for korleis dette kan løysast. Desse er vedlagt saka. Hjardebanken vil i Aarland sitt forslag få 11 kontor i 1. etasje og 2 i 2. etasje. Det eine kontoret i 2. etasje vil byggast lydtett som samtalerom (til dømes til medarbeidarsamtalar).

I samband med dette arbeidet har kommunedirektøren sett på moglegheita for å frigjere eit kontor med to tilsette i 2. etasje i Hjardebanken, og samle medarbeidarar som arbeider innan same fagmiljø i bygget som helsestasjonen og fysioterapeuten held til i. På denne måten vil alle som arbeidar med tenester knytt til helse være samlokalisert. Det gjeld helsesjukepleiar, lege, psykolog, ergoterapeut, fysioterapeut, jordmor, rus og psykisk helse. Gjennom mellom anna reforma innan barnevern anbefaler myndighetene at ein samlokaliserer fagressursane for å dra mest mogleg nytte av koordinering av tenester og samarbeid på tvers av fag for å løyse komplekse problem. I mange kommunar kallar me dette for «Familiens hus».

Kommunedirektøren har difor og utarbeidd ein kalkyle for ei enkel ombygging til to ekstra kontor, eit lite tekjøggen og eit lydtett samtalerom i Helsestasjonen sitt lokale. Det er små forhold på Fedje og dette vil være med på å gjere terskelen for å søkje bistand enklare, fordi ein går gjennom ei dør til alle tenestene. Dette tek i større grad i vare anonymitet når ein tek kontakt med kommunen.

Spiserom for sentraladministrasjonen vil være som før i 3. etasje i kommunehuset. NAV og kyrkjekontor brukar kontor i Fedje kommune ei gong i veka eller sjeldnare. Dei vil få kontor i kommunehuset og ha møta sine i hjardebanken.

Det vil bli lagt til rette for møterom i 2. etasje i Hjardebanken. Bygget vil og bli oppgradert med ventilasjon og betre og meir stabil løysing for internett.

Ombygginga av Hjardebanken er rekna til å koste kr. 3 659.950,- eks moms (4 574 938,- medrekna moms).

Etablering av to kontor, samtalerom og tekjøkken i Helsestasjonen er rekna til å koste kr. 452.159,- eks moms (565 198,- medrekna moms).

Kommunen har ikkje kapasitet eller kompetanse til å gjennomføre ei slik ombygging, og det bør difor leggjast inn ein sum til gjennomføring/byggeleing av prosjektet.

### **Vurdering**

Det har over lang tid vært arbeid for å betre dei fysiske forholda til tilsette i sentraladministrasjonen. Det fysiske arbeidsmiljøet i kommunehuset er dårleg, og kostnaden ved å reparere huset vil bli veldig høg på grunn av huset sin alder, fysiske forhold og manglande vedlikehald. Manglande ventilasjon, manglande universell utforming, luktproblematikk, skadedyr og generell dårleg standard og vedlikehald gjer at bygningen ikkje er egna til tilsette som arbeider 100%. Det går etter kommunedirektøren si vurdering an å bruke huset til lunsjrom og deltidskontor, men utover dette er ikkje huset egna til å være arbeidsplass for tilsette som sit der hele dagen, fem dagar i veka.

Sjukefråværet er aukande i kommunen, og det har vært vanskeleg å rekruttere fagfolk til stillingar i sentraladministrasjonen. Kommunedirektøren ser behov for å utvikle eit godt fysisk arbeidsmiljø med fokus på trivsel, samarbeid, arbeidsglede og motivasjon. Tiltaket er viktig for å behalde dei tilsette som kommunen har i dag.

Kommunehuset har ikkje universell utforming. Det har og vært fleire fallulukker i bygget, mellom anna i den bratte trappa. Toaletta har ein særskild dårleg standard.

Slik kommunedirektøren vurderer det bør det settast av 200 000,- til byggeleing/søknadar/utlysing på Doffin.

### **Folkehelse**

Tiltaket vil gi betre arbeidsmiljø.

### **Miljø**

Tiltaket vil gi betre fysisk miljø, mellom anna ved installasjon av ventilasjonsanlegg. Toalettforhold vil bli betre, og det vil være universell utforming og tilgjenge for alle. Tiltaket vil nytte miljøvennlege løysningar der det er mogleg, mellom anna gå over til LED lys. Installering av ventilasjon i Hjartebanken er eit godt miljøtiltak.

### **Økonomi**

Dette er ei stor investering for Fedje kommune, men dei tilsette er den viktigaste ressursen kommunen har, og det er pengar å spare på lågare sjukefråvær og høgare produksjon.

### **Konklusjon**

Forholda som dei tilsette i sentraladministrasjonen har levd under i kommunehuset er ikkje tilfredsstillande til dagens standard på ein arbeidsplass. Skal kommunen yte gode tenester til innbyggjarane sine må ein legge til rette for at arbeidsplassen er helsefremmande og har fysiske forhold som er innfor krav frå mellom anna Miljøretta helsevern.

### **Forslag til vedtak:**

Kommunestyret løyver 4,1 millionar til ombygging av kontora i Hjardebanken og samlokalisering av helsetenester i helsestasjonen til eit «Familiens hus», og 200 000,- til prosjekt/byggeleiing

Formannskapet - 079/22

**F - behandling:**

Tilleggsforslag, foreslått av Kamilla Bjerkholt Karlsen, Arbeiderpartiet

Kommunestyret løyver 4,1 millionar til ombygging av kontora i Hjardebanken og samlokalisering av helsetenester i helsestasjonen til eit «Familiens hus», og 200 000,- til prosjekt/byggeleiing.

Formannskapet ber kommunedirektøren utreie kor mykje det vil koste med ventilasjonsanlegg på skulen og i den delen av sjukeheimen som ikkje har ventilasjonsanlegg.

Votering: Det vart først røysta over innstillinga frå kommunedirektøren, inntllinga frå kommunedirektøren fekk ingen røyster. Det vart røysta over forslaget frå Kamilla B Karlsen (Ap)

**F - vedtak:**

Formannskapet løyver 4,1 millionar til ombygging av kontora i Hjardebanken og samlokalisering av helsetenester i helsestasjonen til eit «Familiens hus», og 200 000,- til prosjekt/byggeleiing.

Formannskapet ber kommunedirektøren utreda kor mykje det vil koste med ventilasjonsanlegg på skulen og i den delen av sjukeheimen som ikkje har ventilasjonsanlegg.

Vedteke 3 mot 2 røyster. Marit Øien (Frp) og Silje Gullaksen (H) røysta mot forslaget.



## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Berit Karin Rystad		22/413

Saksnr	Utval	Type	Dato
080/22	Formannskapet	PS	18.10.2022
	Kommunestyret	PS	

Fedje sokn ber om ekstraløyving for utgifter til revisjon for 2016-2020

Vedlegg:

2. tertialrapport - Fedje sokn  
Regnskapsrapport pr. 31.08.2022  
Kommentert saldobalanse 2208

### Saksutgreiing: Saksopplysningar

Bakgrunn:

Fedje Sokn har gjennomført eit omfattande oppryddingsarbeid når det gjeld manglande førte rekneskap for soknet i perioden 2016 – 2020. Soknet har tidlegare hatt i tenesteytingsavtalen mellom kommunen og soknet eit punkt om at kommunen har ansvar for rekneskapsføring, fakturering og løn. Soknet sin økonomi har same krav til rekneskapsføring som kommunen. Av ulike årsaker skar dette seg. Soknet har mangla rekneskap for heile denne perioden. Etterkvart som forholda ikkje vart betre, vart bilaga ikkje førte heller. Rekningar vart med nokre få unntak betalt som dei skulle, men etterkvart vart ingenting av dette ført.

Soknet hadde i denne perioden ingen oversikt på status for økonomien, og styrte i praksis verksemda i blinde. Til slutt var ein komen til eit punkt der kommunen ikkje såg at dei hadde ressursar til å gjera jobben, og var einige med soknet om at dette arbeidet burde setjast ut til ein ekstern aktør. Årsakene til at ting skjedde som dei gjorde, er samansette. I ettertid har det lite for seg å plukka ut syndebukkar for kvifor ting gjekk som det gjorde, anna enn å seia at det er rimeleg å hevda at både soknet og kommunen har ansvar for at denne situasjonen utvikla seg som den gjorde.

Noverande sekretær og kyrkjevevje kom inn i biletet hausten 2019. I forståing med tidlegare rådmann engasjerte soknet rekneskapsfirmaet Aider til å føra alle dei gamle rekneskapane, og til å overta det løypande ansvaret for rekneskap og løn. Soknet er blitt kompensert for dei løypande utgiftene til dette. Sekretær har gjort ein viktig jobb med å finna fram orginalbilag eller kopiar av desse og leggja desse inn i systemet for føring. At sekretær har gjort dette grunnlagsarbeidet har spart soknet (og indirekte kommunen) for store summar. Soknet har fordelt kostnadane for oppryddingsarbeidet over 2 år. Samla kostnader til Aider for dette ryddearbeidet har kome opp i ca 200 000 kroner. Vi betalar årleg om lag 55 000 kroner (+ mva) i løypande utgifter til rekneskap, fakturering og lønn.

Rekneskapane for denne perioden måtte reviderast. Kostnaden for dette gjekk i gløymeboka då budsjettet vart sett opp, og vart ikkje meldt inn av soknet. Kyrkjevevja har prøvd å forhandla ned den samla kostnaden, men det har vist seg å vera vanskeleg. Revisjonen sitt argument har vore at grunna

omstenda rundt manglande innsendte rekneskap i denne perioden, så ville behovet for revisjon vera ekstra stort.

Ekstrakostnaden for revisjon for dette tidsrommet utgjer kr 100.000 + mva.

### **Vurdering**

Kommunedirektøren vurderer det slik at i denne saka må både kommunen og soknet ta felles ansvar. Det har mangla styring og kontroll, men det hjelper lite å leite etter ansvarlege no. Dei fleste som har vært inne i dette arbeidet i den aktuelle perioden har slutta i soknet og i kommunen.

Folkehelse

Miljø

Økonomi

### **Konklusjon**

Kommunedirektøren konkluderer på at rekninga for revisjon på kr. 100.000,- eks. moms blir delt på kommunen og soknet, og at ein på denne måten tek felles ansvar.

### **Forslag til vedtak:**

Rekninga for revisjon på kr. 100.000,- eks. moms vært delt på kommunen og soknet

Formannskapet - 080/22

### **F - behandling:**

#### **F - vedtak:**

Rekninga for revisjon på kr. 100.000,- eks. moms vært delt på kommunen og soknet.

Samrøystes vedteke.

Etter saka var vedteke, oppdaga ein at ein av representantane var ugild i saka. Vedtaket er derfor ugyldig. Saka vert meldt opp til ny behandling i formannskapmøtet 27.10.22. Innstillinga frå formannskapet kjem då ikkje med i innkalling til kommunestyremøtet 27.10.22. Innstillinga frå formannskapet i saka vil verta orientert om i kommunestyremøtet 27.10.22. Før ein behandlar saka i kommunestyremøtet den 27.10.22.

## Sakspapir

<b>Sakshandsamar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Signe Råheim	FE-223, FA-X03	22/398

<b>Saksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
081/22	Formannskapet	PS	18.10.2022

Søknad om tilskot til tv-aksjonen 2022

Vedlegg:

Fedje søknad kommunebidrag

### Saksutgreiing:

#### Bakgrunn

Innsamlinga til TV-aksjonen er eit velkjent haustfenomen, og Fedje kommune og innbyggjarane har bidrege til gode resultat kvart år.

TV-aksjonen NRK 2022 går til Leger Uten Grenser sitt arbeid for å gi livreddande helsehjelp og medisinar til menneske som treng det mest. «Akkurat no ventar millionar av menneske på å verte behandla av ein lege»(TV-aksjonen). Det står om livet for mange av desse menneska, men tilgang til helsehjelp er inga sjølvfølgje. Pengane frå TV-aksjonen går til å førebyggje epidemiar og behandle kjent og ukjente sjukdommar i Bangladesh, Den sentralafrikanske republikk, Den demokratiske republikken Kongo og Sierra Leone. Dei vert brukte til å gjeve vaksiner, tilgang til livreddande medisinar og helsehjelp. Ein del av pengane skal gå til eit samarbeid med forskingsorganisasjonen DND i til å utvikle medisinar mot gløymde sjukdommar med dødeleg utgang.

Aksjonen er søndag 23. oktober. Varaordførar er aksjonsleiar, og som tidlegare år er det lag og organisasjonar som mottek kulturstøtte som er bøsseberarar.

Viser elles til brev frå TV-aksjonen som ligg ved.

#### Vurdering

Tradisjonelt har Fedje kommune støtta alle TV-aksjonar og innbyggjarane har vore blant dei flinkaste gjevarane i gamle Hordaland fylke og på landsbasis. TV-aksjonen er ein nasjonal dugnad og er unik i verdssamanheng.

Fedje kommune auka støtta til den årvisse TV-aksjonen til kr. 15 000,- i 2018, og kommunedirektøren ber om ei tilsvarande gåve til TV-aksjonen i 2022.

Folkehelse

Miljø

Økonomi:

#### Konklusjon

Fedje kommune vedtek å støtte TV-aksjonen 2022 med kr. 15 000,-.

**Forslag til vedtak:**

Fedje kommune støttar TV-aksjonen 2022 til Leger Uten Grenser med kr.15 000,-.

Formannskapet - 081/22

**F - behandling:**

**F - vedtak:**

Fedje kommune støttar TV-aksjonen 2022 til Leger Uten Grenser med kr.15 000,-.

Samrøystes vedteke.

## Sakspapir

<b>Sakshandsamar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Bjarte Villanger	FE-153	22/246

<b>Saksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
082/22	Formannskapet	PS	18.10.2022
	Kommunestyret	PS	

Tertial rapport og budsjettregulering 2. tertial 2022

Vedlegg:

Tertialrapport, mai - sept 2022

### Saksutgreiing:

#### Saksopplysningar

Tertialrapporten vil gje både politikarar og administrasjon høve til å følgja med på korleis rekneskapen utviklar seg sett opp mot budsjettet gjennom året. Dei budsjettansvarlege får også høve til å forklara dei einskilde budsjettavvik.

### Vurdering

Vedlagt følger rapport som syner den økonomiske situasjonen vist ned til tenestenivå. Fyrste tabellsyner økonomien på ansvarsnivå med løn trekt frå refusjonar som eige rad.

I kolona for prognose er det set inn farge for korleis den budsjettansvarlege vurderer ansvaret vil ende opp ved årsslutt 2022.

<b>Forbruk</b>	<b>Prognose</b>
Innanfor budsjett	God
Noko over budsjett	Usikkert
Vesentleg over budsjett	Fare

Folkehelse

- Ikkje relevant ut over det som er greidd ut i tertialrapporten.

Miljø

- Ikkje relevant ut over det som er greidd ut i tertialrapporten.

Økonomi

- Greidd ut i tertialrapporten.

## Konklusjon

Budsjettendringar i tråd med det som vert opplyst om i 2. tertialrapport for 2022.

DRIFT	Art	Budsjett	Endring	Nytt budsjett
<b>1202 – ØKONOMIAVDELING</b>				
- Konsulenttenester	12700	0	120'	120'
<b>3850 – ANDRE KULTURAKTIVITETAR</b>				
- Fedje og Folket og kulturmidlar	14700	220'	75'	295'
<b>2510 – BARNEVERN – IKKJE Plassert</b>	13500	100'	1 100'	1 200'
- Tiltak	13700	100'	-100'	0
<b>2010 – BARNEHAGEN</b>				
- Lønn og sos. Omk.		3 073'	187'	3 260'
<b>2130 – VAKSENOPPLÆRING</b>				
- Lønn og sos. omk.		0	403'	403'
- Utstyr		0	148'	148'
- Tilskot norskopplæring		0	-211'	-211'
<b>2020 – GRUNNSKULEN</b>				
- Løn og sos. Omk. språkopplæring		1 419'	155'	1 574'
<b>2021 – DEN KULTURELLE SKULESEKKEN</b>				
- Tilskot.	17300	0	-14'	-14'
<b>8500 – GENERELL TILSK. FLYKTNINGAR</b>				
- Tilskot.	18100	0	-1 136'	-1 136'
<b>8800 – INTERNE FINANSTRANSAKSJONAR</b>				
- Overføring til investering	15700	496'	-496'	0
- Bruka av disposisjonsfond	19400	0	-183'	-183'
<b>SUM</b>			<b>0</b>	

### Forslag til vedtak:

Kommunestyret tek tertialrapport for 2. tertial 2022 til vitande og vedtek budsjettendringane slik dei ligg føre.

Formannskapet - 082/22

### F - behandling:

#### F - vedtak:

Formannskapet tek tertialrapport for 2. tertial 2022 til vitande og vedtek budsjettendringane slik dei ligg føre.

Samrøystes vedteke.

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Kristin Handeland	FE-033	22/414

Saksnr	Utval	Type	Dato
083/22	Formannskapet	PS	18.10.2022

Eventuelt

### Saksutgreiing:

### Forslag til vedtak:

Formannskapet - 083/22

#### F - behandling:

Spørsmål sendt til ordførar Stian Herøy (H) sendt frå Kamilla B K Karlsen (Ap)

Eit spørsmål til formannskapet 18.10 er om ikkje me skal få ein tertialrapport til i år. Eg venta det som sak på førre møte, og då den ikkje kom no heller vil eg etterlyse den.

Tertialrapport er sendt til formannskapet i tillegsinnkalling 18.10.2022.

Ønskjer at formannskapet skal drøfte antall representantar i kommunestyret som no er 15 stykker. Korleis ønskjer formannskapet at det skal vere til neste val?

Formannskapet ber om at denne saka kjem opp i eiga sak til kommunestyret, der ein kan drøfta antall representantar kommunestyret skal ha i valperioden 2023 -2027.

#### F - vedtak:

Det vert ikkje fatta vedtak i saka.